

Arkitektteikna hus til sals, men kven var arkitekten ?

09.11.2020




Huset på Kleivo ligg vakert til med panoramautsikt mot Skorpo, Storsund og Hardangerfjorden.

Frå tid til anna les vi at arkitektteikna hus vert selde, no sist på Kleivo med gateadresse Uskedalsvegen 471. Huset er bygd i 1956 og har ein interessann historikk. Eigar den gongen var Sofie og Arne Haugse. Sofie jobba på Telegrafen. Arne var røyrleggjar, mellom anna på Eidsvik Skipsbyggeri. Men, kven var arkitekt og byggmeister ? Les meir så får du svaret.

Tor H. Myklebust (1923 - 2015) er namnet, mest kjend som Uskedalen sin bygdekunstnar med minneplater, skulpturar, bauta og relief/logo. Han arbeidde mykje i naturstein og bronse. Kunstverka hans finn vi mellom anna i Båthamna, på Stemneplassen og i inngangen til Aktivitetshuset. I Uskedalen har han teikna motiva til fire faner.

Ikkje så mange veit at han dreiv som snikkar på 1950 og 1960 talet, før han flytta til Bergen og vart ein sentral person i Grønt- og parkseksjonen i Bergen bykommune, det som seinare var kalla Fritidsavdelingen med Anders Kvam som direktør. I Bergen hadde Tor ansvaret for modellering, montering, tilsyn og vedlikehald av skulpturar, minneplater og kunstverk i byen.



Tor H. Myklebust teikna og bygde huset i 1956, som no er til salgs i Uskedalsvegen 471.

Broren Birger Myklebust, fortel til Uskedalen.no at Tor både teikna og bygde hus i Uskedalen på 1950 talet, før han flytta til Bergen. Med seg hadde han Mikal T. Rød (Monsa Mikalen). Av andre 'Tor H. Myklebust' hus i Uskedalen finn vi :

- Severina, Nelly og Pauline sitt hus på Haugland, der Katrine og Steinar Haugland bur i dag.
- Liv og Norvald Kolltveit sitt hus i Skårhaug, slik det var før brannen
- Sigvald Hauge sitt hus i Korsneset
- Maria og Olaf Agnar Gausvik sitt hus i Skorane (Korsneset) før dei flytta til Neset. Bauge er eigar i dag.

Teiknearkivet hans er intakt og vert teke vare på. I 2006 vart det laga til ein større utstilling i Helgheim som synte eit utval av Tor H. Myklebust sin produksjon.



Huset med bruksareale på 136 rutemeter er bygd i 1956 og har tre soverom.

Huset på Kleivo med eideom er på 1,3 mål. Område er fint opparbeidd med plen, terrasser og frukttrær. Einebustaden med garasje og annekts er godt halde og held såleis god standard. Planløysinga går over fire plan med integrert garasje i underetasjen.

Eigendomen ligg sentralt til i Uskedalen med gangavstand til alle sentrums funksjonar som skule, barnehage, aktivitetshus, idretts- og leikepark, butikk, badestrand, kyrkja og andre forsamlingshus.

Det er visning i morgen, tysdag 10. november, kl. 16.00 - kl. 16.45. Ørjan Stokka i Eiendomsmegler Vest er meglar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Eiendomsmegler Vest



Eit av kunstverka til Tor H. Myklebust i Uskedalen er hesten som står ved det som var hytta hans, og tett ved gangvegen på Neset.